




Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Statlege forvetningar til kommunane 2027



Frå nasjonale mål til lokale resultat - utfordringsbildet i kommunane

Kommunane i fylket utfører kvar dag eit omfattande og viktig arbeid på vegne av staten, til det beste for innbyggjarane. Til tross for krevjande rammevilkår, stram økonomi og aukande forventningar til tenestene, viser kommunane stor evne til å finne gode løysningar, omstille seg og levere tenester av høg kvalitet. Statsforvaltaren ønsker å anerkjenne den innsatsen som leggst ned av folkevalde, leiarar og tilsette i kommunane.

Samstundes står kommunane overfor store utfordringar i åra framover. Demografiske endringar, knappheit på arbeidskraft og behovet for berekraftig, miljømessig og økonomisk styring krev langsiktige prioriteringar, kontinuerleg utviklingsarbeid og vekt på beredskap.

Delen eldre aukar, særleg i dei grisgrendte områda. Slik har det vore ei stund. Slik vil òg utviklinga halde fram, etter SSB sine framskrivingar av folketalet.

Kommunane må planlegge for å møte ei endra samansetning av befolkninga. Mindre fødselskull vil påverke dimensjonering av barnehage- og skoletilbodet, mens auken i delen eldre vil krevje styrka innsats og omstilling til meir aldersvenlege lokalsamfunn.

Nesten alle kommunane rapporterer om utfordringar knytt til rekruttering og kompetanse, særleg innanfor helse og omsorg. Mangelen på personell krev ofte bruk av dyre vikarbyråtenester, som i sin tur råkar kommuneøkonomien hardt.

Å stå utanfor samfunnet er først og fremst ei bør for den einskilde. Men utanforskap kan òg vere ein fare for demokratiet og medverke til lågare tillit til avgjerdstakarar. På den andre sida kan denne gruppa utgjere ein arbeidskraftmoglegheit for kommunane om ein klarer å snu utanforskapet til innanforskap.

Risiko knytt til klimaendringar og nye tryggingspolitiske utfordringar er krevjande. 2026 har vore totalberedskapsåret og mykje godt plan- og øvingsarbeid er gjort. Beredskapsarbeidet er eit fagområde som må inkluderast i alle kommunale verkeområde og utfordringane blir dessverre ikkje mindre i åra som kjem.

Kommunane har ei nøkkelrolle for å sikre at vidare slekter kan vekse opp med like moglegheiter og ressursar som no. Kommunane er særskild viktig for å sikre naturmangfald, økologiske funksjonar og ei berekraftig bruk av naturressursar.

Vi ønsker at dette forventningsbrevet skal vere eit verktøy for kommunane. Styringssignala som er gitt gjennom blant anna lover, forskrifter, stortingsmeldingar, rundskriv og kommuneproposisjonen er samla her i eit dokument. Brevet er ikkje ei fullstendig oppgåveliste. Det sentrale er nye eller justerte krav til kommunane og høgt prioriterte oppgåver, statlege satsingar, og dessutan område der det er ønskeleg at resultatane til kommunane blir betre. Statsforvaltaren ønsker å peike på område som vil ha særleg merksemd i perioden framover, og bidra til ein felles forståing av dei nasjonale måla og forventningane til kommunane.

Formålet er å legge til rette for effektiv styringskommunikasjon, blant anna ved å klargjere ansvaret til kommunane og det lokale handlingsrommet. I tillegg til fagavdelingane hos Statsforvaltaren har andre regionale statsetatar, som til dømes Arbeidstilsynet (kap. 1.3), bidrege til dokumentet.

Dokumentet er bygd opp med forventningar på høgre side og ein gjennomgang av forventningane og tilvising til lovtekst og signaldokument på venstre side. Skilnad mellom «Må»- og «Bør»- forventningar er sentralt fordi det gjer det kommunale handlingsrommet tydeleg.

Forventningsbrevet er eit tillegg til den løpande kommunikasjonen mellom staten og kommunane, og brevet er eit årleg forsøk på å gi betre oversikt, heilskap og samanheng på strategisk nivå. Ved eventuelle vesentlege endringar gjennom året vil kommunane bli særskilt informerte.

Vi ønsker gjerne at kommunane gjer oss tilbakemelding på korleis vi kan gjere forventningsbrevet til eit enda betre støtteverktøy i den daglege drifta.

Beste helsing

Trond Rønningen
statsforvaltar i Vestfold og Telemark



Innholdsfortegnelse

1. Kommunal forvaltning	6
1.1 Kommuneøkonomi.....	6
1.2 Rettstryggleik.....	6
1.3 Arbeidsmiljø og HMS.....	7
1.4 CRPD	9
2. Samfunnstryggleik og beredskap	10
2.1 Kommunane si rolle i krise og krig.....	10
2.2 Kontinuitetsplanlegging og sivil arbeidsplikt.....	10
2.3 Kommunikasjon i krise og krig	11
3. Tverrfaglige satsingsområder.....	12
3.1 Folkehelse.....	12
3.2 Bu trygt heime.....	12
3.3 «Best for barnet»-vurderingar	13
3.4 Negativ sosial kontroll	13
3.5 Utsette barn og familiar.....	14
4. Oppvekst.....	15
4.1 Skole.....	15
4.2 Barnehage	17
4.3 Barnevern	18
5. Helse og omsorg	19
5.1 Planlegging av helse- og omsorgstenester	19
5.2 Tilsynsoppfølging etter hendingar og ny meldeordning.....	19
5.3 Tannhelse	20

5.4 Rekvirering av vanedannande legemiddel	20
5.5 Psykisk helsearbeid barn og unge	21
5.6 Vaksenvaksinasjonsprogrammet	22
6. Sosiale tenester	23
6.1 Økonomisk rådgiving	23
6.2 Kvalifiseringsprogrammet	23
6.3 Beredskapsplanar for dei sosiale tenestene i Nav	24
6.4 Mellombels butilbod	24
6.5 Bistand etter bustadsosiallova	25
6.6 Integrering	25
7. Miljø	26
7.1 Natur	26
7.2 Forureining	27
8. Landbruk	29
8.1 Driveplikt	29
8.2 Regionale miljøkrav i jordbruket og gjødselbrukforskrifta	29
8.3 Utvikling av landbruksnæringa	30
8.4 Forynging og ungskogpleie	31
9. Arealforvaltning	32
9.1 Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.....	32
9.2 Statlege planretningslinjer for klima og energi	33
9.3 Aktuelle rundskriv	33
9.4 Gravplass	34
10. Dialog og samarbeid.....	35

1. Kommunal forvaltning

1.1 Kommuneøkonomi

Kommunane sitt ansvar for ei berekraftig økonomiforvaltning er understreka i kommunelova. I St.prp. 46L (2017-2018) legg Kommunal- og distriktsdepartementet til grunn at «reglene om økonomiforvaltningen (..) må ha som formål å trygge det finansielle grunnlaget for kommunenes produksjon av velferdstjenester».

Det er avgjerande at kommunar med negativ driftsbalanse og/eller liten økonomisk buffer så fort som råd tilpassar omfang og kvalitet på tenestene både til inntektene ein kan forvente å ha, og til behovet innanfor dei ulike sektorane.

Kommunane må òg planlegge for å ha ei berekraftig drift på lengre sikt.

I tråd med demografiutviklinga vil det i praksis, for mange kommunar, bety at det framleis blir nødvendig å flytte ressursar frå andre tenester til helse- og omsorgstenester.

Kommunane bør vurdere om strukturendringar kan redusere behovet for reine innsparingar i tenesteproduksjonen – både på kort og lengre sikt.

Lovtekst og signaldokument:

- [Kommunelova kapittel 14](#)
- [Prop. 46 L \(2017-2018\) - regjeringen.no](#)

1.2 Rettstryggleik

Kommunane skal sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

For kommunar er det spesielt viktig å skilje mellom utøving av offentlig mynde og politikk. Det blir mellom anna fatta avgjerder som kan gripe langt inn i livet til den enkelte borgar. Legalitetsprinsippet tyder at jo større inngrep dei ulike avgjerdene inneber, jo klarare skal heimelsgrunnlaget vere.

Offentleglova

Retten til å få innsyn i dokument i forvaltninga er ein av dei viktigaste grunnsteinane for demokratiet. Gjennom Statsforvaltaren si rolle som klageinstans for vedtak om avslag

Forventningar

Må: Det er eit krav i offentliglova § 29 første avsnitt om at innsynskrav skal bli handsama «utan ugrunna opphald».

på innsyn har vi avdekt feil i sakshandsaminga i nærare 50 prosent av sakane som vi har hatt til klagehandsaming dei siste åra. Vi erfarer at kommunane gir avslag på krav om innsyn i fleire tilfeller enn det lova gir anledning til. Statsforvaltaren får av og til klager frå publikum på at det tek lang tid å få svar på innsynskrav frå kommunane.

Lovtekst og signaldokument:

- [Offentleglova](#)

Klagesaker etter plan- og bygningslova

Vi forventar at kommunane følger Statsforvaltaren si sjekkliste når det blir sendt over klagesaker.

Det er eit krav i forvaltingslova at vedtak blir grunngitt konkret. Dette gjeld spesielt for dispensasjon og der kommunen avslår på grunn av skjønn, til dømes estetikk. Vedtak i politiske utval, som avvik frå innstillinga frå administrasjonen, må grunngivast konkret. Viss det blir vanskeleg å lage ei grunngiving i møtet, kan saka til dømes utsettast.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\) - Lovdata](#)
- [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Kapittel 21. Krav til innhold og behandling av søknader - Lovdata](#)

1.3 Arbeidsmiljø og HMS

Det gjerast nokre endringar i arbeidsmiljølova i 2026 og 2027.

Ikkje alle endringane er vedtekne i skrivande stund, men det er lagt ved lenker slik at kommunane kan følge arbeidet på dei ulike områda.

Psykososialt regelverk tydeleggjort

Frå 2026 er psykososialt regelverk tydeleggjort i arbeidsmiljølova. Det har komme fleire eksempel i lova på kva psykososialt arbeidsmiljø er. Som arbeidsgivar må kommunane sikre at einingane arbeider førebyggjande og med det psykososiale arbeidsmiljøet.

Ein ny del i Forskrift om utførelse av arbeid presiserer og utdjupar korleis arbeidsgivarar skal arbeide systematisk og førebyggjande med det psykososiale arbeidsmiljøet.

Regler for sjukefråvær kan bli endra

Det er våren 2026 foreslått endringar i både folketrygdlova og arbeidsmiljølova.

Forventningar

Må: Vedtak skal konkret grunngivast.

Må: Alle plan- og byggesaker som rører ved naturmangfald skal vurderast opp mot prinsippa som går fram av nml. §§ 8-12, jf. § 7. Vurderinga skal kome tydeleg fram i saksframlegget.

Må: Vedtak i politiske utval, som avvik frå innstillinga frå administrasjonen, skal grunngivast konkret.

Må: Byggesaker skal handsamast innan 12 veker.

Hovudpunkta i forslaga inneber ei tydeliggjering av opplysnings- og medverkingsplikta til den sjukmelde og er ei plikt til å mellombels utføre anna arbeid enn det som følger av arbeidsavtalen. Det er også foreslått å presisere at arbeidsgivar si tilretteleggingsplikt for arbeidstakarar som har fått redusert arbeidsevne prinsipielt sett også gjeld varige tilretteleggingstiltak. Plikta til å utarbeide oppfølgingsplan blir foreslått framskunda til fire veker.

Deltidstilsette og spørsmålet om når desse har rett til overtidsbetalt

EU-domstolen og fleire norske dommar slår fast at det er forskjellsbehandling når deltidstilsette må jobbe like mange ekstra timar som heiltidstilsette før dei får overtidsbetalt. Ei arbeidsgruppe med partane i arbeidslivet arbeider med spørsmålet og skal komme med sine tilrådingar til løysingar innan 1. september 2026.

Asbest

Frå og med 21. desember 2025 vart asbestregelverket innskjerpa, mellom anna gjennom innføring av lågare grenseverdi for asbestfiber i arbeidsatmosfæren.

Arbeidsgivar er pålagt stansingsplikt dersom tilsette blir eksponerte for asbest i konsentrasjonar over grenseverdien. Dette gjeld også i situasjonar der det er grunn til å tru at tidlegare uoppdaga asbest har blitt påverka på ein måte som kan føre til danning av asbeststøv.

Nyttig lesing:

- [Psykososialt arbeidsmiljø - Arbeidstilsynet](#)
- [Lenke til tre nye kapitlar \(1 A, 2 A og 3 A\) i Forskrift om utførelse av arbeid](#)
- [Høring - forslag til endringer i folketrygdloven og arbeidsmiljøloven om medvirknings-, aktivitets- og tilretteleggingsplikten mv. ved sykefravær - regjeringen.no](#)
- [Regjeringen endrer mandatet for gruppa som skal se på overtid for deltidsarbeid - regjeringen.no](#)
- [Informasjon om asbestregelverket](#)

1.4 CRPD

FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal motverke diskriminering og sikre like rettar. Frå 2026 er CRPD innlemma i menneskerettslova og gjeld som norsk lov.

Forventningar

Må: Kommunane skal sette CRPD i verk i alle sektorar.

Kommunane skal følge opp CRPD i alle sektorar og tenesteområde. Konvensjonen skal vere synleg i saksbehandlinga og vere retningsgivande når kommunen utformar og yter tenester til personar med nedsett funksjonsevne. Kommunane blir oppmoda til å styrkje kompetansen sin og ta i bruk rettleiingsmateriell i implementeringsarbeidet.

Lovtekst og signaldokument:

- [FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne \(CRPD\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/funksjonsevne/veiledning-til-fn-konvensjonen-om-rettighetene-til-mennesker-med-nedsatt-funksjonsevne-id1033666)
- [Veiledning til FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne \(CRPD\) | Bufdir](#)

2. Samfunnstryggleik og beredskap

2.1 Kommunane si rolle i krise og krig

Kommunane spelar ei viktig rolle i totalforsvaret i Noreg. Kommunane har eit omfattande beredskapsansvar i heile krisespekteret frå kriser i fred og til krig.

Det viktigaste kommunane kan gjere er å levere tenester og ivareta sine oppgåver så nært normalen som mogleg. Då kan samfunnet prioritere sine felles beredskapsressursar dit det er aller mest behov for dei, og det sivile samfunnet si evne til å understøtte militær innsats blir best mogleg.

Kommunane må førebu seg på alvorlege kriser og krig. Dette er ei del av den kommunale beredskapsplikta. Det er ekstra viktig at slike hendingar vert vektlagde i arbeidet med heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar, overordna beredskapsplan, øvingar og krisehandtering.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om sivil beskyttelse og beredskap \(sivilbeskyttelsesloven\) - Kapittel V. Kommunal beredskapsplikt - Lovdata](#)
- [Forskrift om kommunal beredskapsplikt - Lovdata](#)
- [Kommunenes rolle i krise og krig](#)
- [Kommunens roller og ansvar i sikkerhetspolitisk krise og krig](#)

Forventningar

Må: Kommunen må integrere sikkerhetspolitisk krise og krig i beredskapsarbeidet.

Må: Kommunen må bruke det kommunale beredskapsrådet aktivt

2.2 Kontinuitetsplanlegging og sivil arbeidsplikt

Kommunane vil i krig stå overfor krevjande dilemma. Nødvendige tenester må framleis sikrast i ein situasjon med avgrensa kapasitet. Dette gir særleg fem utfordringar:

- evne til prioritering
- knappheit på ressursar
- rett balanse mellom omsynet til enkeltmennesket og samfunnet
- avgjerder under usikkerheit
- behov for samvirke med andre aktørar.

Forventningar

Må: Kommunen må utarbeide ein overordna kontinuitetsplan i sektorar og einingar.

God beredskap krev øving på reelle dilemma, avklaring av kva som kan nedprioriterast, og planar for å tilpasse innsatsen etter situasjonen.

Lovtekst og signaldokument

- [Råd om egenberedskap for virksomheter](#)
- [Veileder i kontinuitetsplanlegging ved høyt personellfravær](#)
- [Lov om sivil beskyttelse og beredskap \(sivilbeskyttelsesloven\) - Kapittel VII A. Sivil arbeidskraftberedskap - Lovdata](#)

2.3 Kommunikasjon i krise og krig

Ein overordna beredskapsplan med ein plan for kommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette er ein grunnleggande føresetnad for god krisehandtering. Rett informasjon fortel innbyggjarane kva dei må gjere for å beskytte seg sjølv og sine næraste, og kven dei skal kontakte i ein nødsituasjon. Tydeleg og open kommunikasjon frå offisielle kjelder hindrar at usanningar, panikk og feilinformasjon spreier seg.

Lovtekst og signaldokument:

- [Forskrift om kommunal beredskapsplikt - Beredskapsplan - Lovdata](#)
- [Veileder krisekommunikasjon](#)
- [Veileder om kommunale informasjonspunkter ved bortfall av elektronisk kommunikasjon](#)

Forventningar

Må: Kommunen må ha ein plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette.

Må: Kommunen må sikre at innbyggjarane er kjente med informasjonspunkt som skal nyttast ved ekom-utfall og elles ved særskilte behov.

3. Tverrfaglige satsingsområder

3.1 Folkehelse

Systematisk folkehelsearbeid er eit kommunalt ansvar etter folkehelselova § 4, og det er av stor betydning at dei som arbeider med folkehelse i kommunen har tilstrekkeleg mynde og mandat til å arbeide tverrsektorielt.

Det er eit krav at kommunen har utarbeidd ei skriftleg oversikt over den overordna helsetilstanden i befolkninga, og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Oversikta skal vere utgangspunktet for kommunen sin planstrategi. I tillegg skal det førast eit løpande oversiktsarbeid. Ei drøfting av folkehelseutfordringar, og korleis kommunen kan møte desse, bør inngå i strategien, og nødvendige tiltak skal settast i verk.

Kommunen skal i arbeidet med kommuneplanar etter plan- og bygningslova kapittel 11 fastsette overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte utfordringane kommunen står overfor. Vi ber kommunane merke seg at det er ein tett samanheng mellom folkehelselova §§ 5–6 og plan- og bygningslova § 10-1 og kapittel 11.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\) - Lovdata](#)
- [Lokale folkehelseiltak – veiviser for kommunen - Helsebiblioteket](#)
- [Veileder til lov og forskrift](#)

3.2 Bu trygt heime

Kommunane har ei viktig rolle i gjennomføringa av reforma Fellesskap og meistring – bu trygt heime. Dette er ei brei samfunnsreform som regjeringa har sett i verk for å utvikle eit meir aldersvennleg og berekraftig samfunn.

Forventningar

Må: Kommunane skal utarbeide eit heilskapleg oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge føre ved oppstart av arbeidet med kommunal planstrategi og gi eit samla bilete av folkehelseutfordringar og ressursar lokalt.

Må: Kommunen skal halde løpande oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helse til innbyggjarane negativt og positivt.

Må: Kommunane skal ha evaluert sitt systematiske folkehelsearbeid i løpet av kvar kommunestyreperiode (folkehelsehulet).

Forventningar

Må: Kommunen skal, i tråd med plan- og bygningsloven § 5-1, sikre medverking i planprosessar for å støtte opp under «Bu trygt heime»-reforma.

For å møte utfordringane som befolkningsendringane gir, er det ein føresetnad at kommunane ser bustad, helse- og omsorgstenester, kompetanse, samfunnsplanlegging, samfunnsutvikling, digitalisering, transport og utvikling av annan infrastruktur i samanheng. Kommunane bør ta omsyn til demografiutviklinga i all planlegging og politikkutvikling. Utfordringane krev ein samordna innsats frå ei rekke aktørar på ulike nivå og innanfor ulike sektorar: brukarar, pårørande, lokalsamfunn, innbyggjarar, kommuneadministrasjon, politikarar, frivillige organisasjonar og næringsliv, helseføretak, samt fleire regionale og statlege aktørar.

Kommunane bør arbeide systematisk med tidleg innbyggjarinvolvering, særleg av eldre og pårørande, og legge til rette for samarbeid med frivillig sektor i planprosessar. Involvering kan bidra til å fremme auka aktivitet og deltaking, førebygge einsemd og bidra til at fleire eldre kan bu trygt heime lengre. Brukarmedverknad er òg eit generelt krav til planprosessar i kommunen.

Lovtekst og signaldokument:

- [Meld. St. 24 \(2022-2023\) Fellesskap og meistring – bu trygt heime](#)

Nyttig lesning:

- [Eldreboligprogrammet](#)
- [Kvalitet i helse- og omsorgstjenestene til eldre](#)

3.3 «Best for barnet»-vurderingar

Når kommunane behandlar saker som vedkjem barn, skal barnets beste vere eit grunnleggande omsyn. Kravet gjeld både når avgjerder blir tekne om enkeltbarn, og når det blir teke vedtak eller blir gjennomført tiltak som gjeld grupper av barn eller barn generelt. Å vurdere barnets beste er ein sentral del av ei forsvarleg saksbehandling.

Forventningar

Må: Kommunen må sikre at ved alle vedtak som berører barn, skal barnets beste vere eit grunnleggande omsyn.

Lovtekst og signaldokument:

- [Vedlegg 8. FNs konvensjon om barnets rettigheter med protokoller - Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett \(menneskerettsloven\)](#)

3.4 Negativ sosial kontroll

Stortinget har i juni 2026 vedtatt ny lov om særskilt innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold. Loven skal bidra til en mer samordnet og effektiv innsats, mellom hjelpetenestene i den særskilte innsatsen og mellom disse hjelpetenestene og det ordinære tenesteapparatet, og til at flere utsatte får nødvendig bistand.

Handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald har som mål å sikre god førebygging, systematikk i kompetansehevinga av tenesteapparatet, betre hjelp og vern til utsette, og styrking av det rettslege vernet i saker som omhandlar æresmotivert vald og ufrivillig utanlandsopphald.

Lovtekst og signaldokument:

- [NOU 2024: 13: Lov og frihet - regjeringen.no](#)
- [Sjef i eget liv - styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold \(2025 – 2028\)](#)

Forventningar

Bør: Kommunen bør vere merksam på ny lov om særskild innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, samt handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald.

3.5 Utsette barn og familiar

For å nå målet om at alle barn skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø, må kommunane satse målretta på førebyggjande innsats i alle tenesteområde. Det inneber at ein arbeider systematisk og tidleg for å avdekke og møte utfordringar før dei utviklar seg. Samstundes er det avgjerande at samarbeidet mellom dei ulike sektorane er tett, heilskapleg og godt koordinert, slik at barna og familiarne får eit samordna og føreseieleg tenestetilbod.

Det er òg gitt tilrådingar til kommunane i «Nasjonal rettleiar for psykisk helsearbeid for barn og unge». Føremålet med rettleiaren er å bidra til at kommunane tar vare på barn og unge med psykiske plager, samt familiarne deira. Dette understrekar behovet for eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod som møter behova til barna på ein god måte.

Lovtekst og signaldokument:

- [Veileder - Samarbeid om tjenester til barn og unge og deres familier - Helsedirektoratet](#)
- [Tiltakskort skal styrke samarbeidet mellom barnevernet, politiet, helsetjenesten og skolen | Bufdir](#)
- [Nasjonal rettleiar for psykisk helsearbeid for barn og unge](#)

4. Oppvekst

4.1 Skole

Skolens overordna målsetting er å gi barn, unge og vaksne ei inkluderande opplæring som rustar dei til arbeids- og samfunnslivet gjennom fagleg læring, personleg utvikling og danning.

Det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling (SKK) for tilsette i barnehage og skole skal gi betre føreseielegheit, høve til å sjå tiltaka i staten i samanheng og gi eit godt grunnlag for heilskapleg planlegging av kompetanseutvikling. Kompetansetiltaka skal bli meir brukarvennlege og fleksible, kunne møte kompetansebehovet til kommunane i større grad og gi fleire lærarar og andre tilsette høve til å delta i kompetanseutvikling og profesjonelle læringsfellesskapar.

Fleire statlege etatar har samarbeidd om å utvikle faglege tilrådingar om førebygging og oppfølging av bekymringsfullt skolefråvær. Tilrådingane vil vere eit digitalt produkt med korte, handlingsretta råd. Dei nasjonale råda er på høyring med frist 2. oktober 2026.

Regjeringa ønsker ein meir heilskapleg skoledag for elevane på 1. og 2. trinn, der læring, leik, fysisk aktivitet og sosial utvikling sjåast i samanheng. Redusert skjermbruk blir forskriftsfesta allereie frå 2026.

Det blei frå 1. august 2026 obligatorisk å tilby arbeidslivsfag til elevar på 8. til 10. trinn. Det er ikkje lenger obligatorisk å tilby fordjuping i engelsk, norsk, samisk eller matematikk.

Skolane må jobbe kontinuerleg med beredskap for å vere førebudde på å handtere alvorlege hendingar som kan oppstå. Dette kan gjerast gjennom å utarbeide beredskapsplanar og ved gjennomføring av beredskapsøvingar.

Stortinget har vedtatt endringar i opplæringslova som utvidar høvet til å dele personopplysningar

Forventningar

Må: Det er obligatorisk for skulane å tilby arbeidslivsfag på 8. til 10. trinn, jf. opplæringsforskrifta § 1-9.

Må: Kommunen har ei plikt til å følge opp elevar som har fråvær frå opplæringa. Formålet med denne oppfølgingsplikta er å oppnå meir nærvær i skolen og førebygge at elevar utviklar bekymringsfullt fråvær, for å betre moglegheita for den enkelte til å fullføre og bestå opplæringa.

Må: Skolane må utarbeide beredskapsplanar og gjennomføre beredskapsøvingar.

Bør: Kommunane bør utvikle og gjennomføre førebyggjande tiltak i skolen for å hindre rekruttering til kriminalitet blant barn og unge.

om elever ved skolebyte i. Skolen skal, ved skolebyte, dele personopplysningar som er nødvendige for å førebygge åtfærd som i vesentleg grad går utover skolemiljøet til medelevar eller arbeidsmiljøet til dei tilsette. Lovendringa gjeld frå 1. august 2026.

Kommunane bør utvikle og gjennomføre førebyggjande tiltak i skolen, med mål om å hindre rekruttering til kriminalitet blant barn og unge. Dette bør gjerast gjennom samarbeid med politi, barnevern og andre relevante aktørar.

Lovtekst og signaldokument:

- [Prop. 79 L \(2025–2026\) - regjeringen.no \(deling av opplysningar\)](#)
- [Meld. St. 34 \(2023–2024\) En mer praktisk skole - Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn](#)
- [NOU 2024:20 Det digitale \(i\) livet – Balansert oppvekst i skjermens tid](#)
- [Nasjonal faglig retningslinje for forebygging og oppfølging av skolefravær | udir.no](#)
- [NOU 2026: 8 - Samarbeid og informasjonsdeling for å forebygge kriminalitet](#)

Nyttig lesing:

- [Kompetanseutvikling | udir.no](#)
- [En mer praktisk skole | udir.no](#)
- [Tiltakskort for handling og samarbeid når dere er bekymret for et barn eller en ungdom | udir.no](#)
- [Sikkerhet og beredskap | udir.no](#)



Foto: Kjersti Fosse / Statsforvalterens fellestjenester

4.2 Barnehage

Barnehagens overordna målsetting er å gi barn under skolealder ein trygg og god start i livet gjennom eit inkluderande miljø som varetek behovet deira for omsorg, leik, læring og danning.

Kunnskapsdepartementet har fastsett tre forskrifter for tilskot til kompetanseutvikling for tilsette i barnehage og skule. Dei tre tilskotsordningane er ein del av det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling (SKK) for tilsette i barnehage og skole. Se meir om SKK under punktet om skole.

I 2025 publiserte Utdanningsdirektoratet ein rettleiar om tilstrekkeleg bemanning i barnehagen. Rettleiaren skal klargjere forståinga og praktiseringa av kravet om tilstrekkeleg bemanning i barnehagen.

Kunnskapsdepartementet har fastsett ei ny forskrift om finansiering av private barnehagar. Forskrifta trer i kraft 31.12.2026 og følgjer opp endringane i barnehagelova som blei vedteken av Stortinget 2025, med meir detaljerte reglar om tildeling av tilskot til private barnehagar.

Lovtekst og signaldokument:

- [Forskrift om tilskudd til kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og grunnskole - Lovdata](#)
- [Veileder om tilstrekkelig bemanning i barnehagen | udir.no](#)
- [Ny forskrift om finansiering av private barnehager - regjeringen.no](#)

Forventningar

Bør: Barnehagemyndigheita bør sikre at barnehageeigarar og styrarar er kjende med rettleiaren om tilstrekkeleg bemanning i barnehagen.

4.3 Barnevern

Kommunane har ansvar for å sikre at barn og unge får rett hjelp til rett tid. Det er viktig å arbeide førebyggjande, tidleg og i tett samarbeid med andre tenester.

Frå 1. januar 2026 treddet det i kraft fleire endringar i barnevernlova.

Endringane gjaldt særleg:

- Styrka rettstryggleik for barn og foreldre
- Auka stabilitet i og føreseielegheit i fosterheimar
- Krav til kompetanse for tilsette i barnevernstenesta

Det blei også innført ei lovfesta opplysningsplikt til Statsforvaltaren ved dødsfall, livstruande hendingar og seksuelle overgrep som involverer barn med barnevernstiltak utanfor heimen.

Frå og med 1. januar 2027 trer det i kraft ytterlegare endringar i barnevernlova. Dette gjeld særleg innføring av kapittel 9A – kommunale butiltak med døgnbemanning.

Nasjonalt forløp for kartlegging og utgreiing av psykiske og somatiske helseplager, tann- og munnhelseproblem, samt seksuelle helseproblem og rusproblem skal sikre nødvendig helsehjelp når barna har behov for det. Forløpet skal bidra til heilskapleg varetaking av barnet sine helsebehov.

Lovtekst og signaldokument:

- [Opplysningsplikta følger av barnevernslova § 13-5 a.](#)
- [Nasjonalt forløp for barnevern - implementering og erfaringer | Bufdir](#)

Forventningar

Må: Kommunane må sikre at endringane i lov og forskrift er gjorde kjende og blir følgt opp i barnevernstenesta.

Bør: Kommunane bør prioritere å sikre at samarbeid på tvers er forankra i alle tenester, og at det blir laga samarbeidsavtalar og samarbeidsrutinar på tvers i kommunen.

5. Helse og omsorg

5.1 Planlegging av helse- og omsorgstenester

Fleire kommunar har ikkje tilstrekkeleg integrert helse- og omsorgsutfordringar i overordna planlegging, trass i klare krav. Helse- og omsorgstenestene må vere ein sentral del av økonomi- og planarbeidet, forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kravet om heilskapleg planlegging går mellom anna fram av plan- og bygningslova § 3-1.

Forventningar

Bør: Kommunane bør sjå planlegging av helse- og omsorgstenestene som ein del av den totale samfunnsplanlegginga.

Lovtekst og signaldokument:

- [Plan- og bygningsloven](#)
- [Meld. St. 23 \(2024-2025\), kap. 8.1.2 \(allmennlegemeldingen\)](#)

5.2 Tilsynsoppfølging etter hendingar og ny meldeordning

Ny meldeordning for alvorlege hendingar trer i kraft 1. juli 2026, og erstattar varslingsordninga. Formålet med den nye meldeordninga er å styrke pasient- og brukarsikkerheit og kvalitet gjennom læring og forbetring.

Forventningar

Må: Kommunane må sørge for at dei har etablerte rutinar for å sikre at krava i tilsynsoppfølging og ny meldeordning blir følgd.

Ei viktig endring er at verksemdar som yter helse- og omsorgstenester ikkje lenger skal varsle Helsetilsynet innan eitt døgn, men sende melding til Statsforvaltaren og Ukom innan fem døgn. I tillegg blir verksemdene pålagde å utarbeide ein rapport til Statsforvaltaren innan tre månader etter at melding om alvorleg hending er sendt.

Lovtekst og signaldokument:

- [Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-6. Varsel om alvorlige hendelser](#)
- [Helsetilsynsloven § 6 tredje ledd. Varsel til tilsynsmyndigheten om alvorlige hendelser](#)
- [Helse- og omsorgstjenesteloven § 12-3a](#)
- [Prop. 121 L \(2024-2025\) Endringer i helsetilsynsloven mv. \(ny meldeordning for alvorlige hendelser i helse- og omsorgstjenesten\)](#)

5.3 Tannhelse

I kommunalt pasient- og brukarregister blir det registrert om sjukeheimsbebuarar er blitt vurderte av tannhelsepersonell dei siste 12 månadene. Vi vil minne kommunane om å integrere tannhelsetenesta som ein del av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Vidare vil vi minne om pasientar sin rett til tannhelsetenester når dei får tenester i institusjon eller heimeteneste.

Forventningar

Må: Kommunen skal utarbeide skriftleg nedfelte prosedyrar som skal sikre at brukarar av pleie- og omsorgstenester får dekt grunnleggande behov.

Lovtekst og signaldokument:

- [Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene \(Kvalitetsforskriften\) § 3](#)
- [Nødvendig tannhelsehjelp og nødvendig tannregulering](#)
- [Lov om tannhelsetjenesten](#)

5.4 Rekvirering av vanedannande legemiddel

Statsforvaltaren har over tid hatt auka merksemd på rekvirering av vanedannande legemiddel, ettersom rekvireringa av desse legemidla er høg i Vestfold og Telemark.

Vi oppfordrar alle kommunar til å initiere og/eller understøtte vidare forbetningsarbeid på området, både overfor kommunen sine fastlegar og andre relevante instansar i kommunen. Det er viktig at Helsedirektoratet sin rettleiar om vanedannande legemiddel gjerast kjent og følgast.

Lovtekst og signaldokument:

- [Forskrift om fastlegeordning i kommunene \(fastlegeforskriften\) - Lovdata](#)
- [Vanedannande legemidler - Helsedirektoratet](#)

Nyttig lesing:

- [Forskriving av psykofarmaka i norske sykehjem - rapport \(PDF\)](#)

Forventningar

Må: Kommunen må sørge for at befolkninga gis eit forsvarleg tilbod av allmennlegetenester og sørge for at det arbeidast systematisk med kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik slik at tenestene er i tråd med krav fastsett i helse- og omsorgslovgivinga og forskrifter gjeve med heimel i desse lovane.

Bør: Kommunen bør legge til rette for og følge opp forbetningsarbeid på rekvirering av vanedannande legemiddel frå både dei kommunale og næringsdrivande allmennlegane i kommunen.

5.5 Psykisk helsearbeid barn og unge

Riksrevisjonen la i april 2026 fram ein rapport som viser store skilnader mellom kommunar i tilbodet til barn og unge med psykiske plager. Vi forventar at kommunane set seg inn i rapporten og arbeider tverrsektorielt for å sikre gode og koordinerte tilbod.

Nasjonal rettleiar for psykisk helsearbeid gir òg tilrådingar for å styrkje oppfølginga av barn og unge (0–25 år) og familiane deira.

Lovtekst og signaldokument:

- [Psykisk helsearbeid barn og unge - Helsedirektoratet](#)
- [Meld. St. 23 \(2022–2023\) Opptrappingsplan for psykisk helse](#)
- [Meld. st. 5 \(2024–2025\) Forebygging- og behandlingreformen del 1](#)
- [Del II av regjeringens forebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet - regjeringen.no](#)

Forventingar

Må: Kommunen skal ha oversikt over faktorar som påverkar oppvekstvilkår og den psykiske helsetilstanden til barn og unge i kommunen.

Må: Kommunen skal sørge for at planar inneheld mål og strategiar for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet for barn og unge si psykiske helse.

Må: Kommunen skal sørge for eit heilskapleg og samordna tenestetilbod på individnivå til barn og unge.

Må: Kommunen skal sørge for systematisk medverknad frå barn, unge og foreldra deira ved planlegging og utvikling av tiltak og psykisk helsetilbod til barn og unge i kommunen.

5.6 Vaksenvaksinasjonsprogrammet

Vaksinasjonsprogram for vaksne og personar i risikogrupper har blitt etablert. Endring i forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram tredde i kraft 1. juni 2025, og vaksinasjon starta hausten 2025. Vi ber kommunane gjere tiltak slik at ein sikrar god vaksinasjonsdekning for den delen av befolkninga som skal ha vaksiner i programmet.

Lovtekst og signaldokument:

- [Forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram - Lovdata](#)
- [Lov om vern mot smittsomme sykdommer \[smittevernloven\]](#)
- [Kap. 3. Undersøkelser og vaksinasjoner - Lovdata](#)
- [Vaksinasjonsprogram for voksne.](#)

Forventningar

Må: Kommunen må gi befolkninga nødvendig informasjon om vaksinasjonsprogrammet og korleis kommunen gjennomfører det.

Må: Kommunen må organisere vaksinasjonane slik den finner det mest hensiktsmessig for å oppnå høgast mogleg vaksinasjonsdekning.



Foto: Emil Harjo Indsetviken / Statsforvalteren i Nordland

6. Sosiale tenester

Sosiale tenester i Nav er det siste sikringsnettet til velferdssamfunnet, og Nav-kontora har eit særleg ansvar for dei som fell utanfor, eller som ikkje får nok hjelp frå andre velferdsordningar.

6.1 Økonomisk rådgiving

Det er ein sterk samanheng mellom gjeld og redusert psykisk helse. Det er derfor viktig at kommunen tilbyr rådgiving for å førebygge økonomiske problem, og avgrense uheldige konsekvensar for brukarar i vanskelege økonomiske situasjonar.

For at dei tilsette ved Nav-kontoret skal kunne gi rett nivå på tenesta til rett tid, er det viktig at kommunen sørger for at dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om tenesta.

Forventningar

Må: Kommunen skal gi opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem.

Må: Det skal fattast skriftleg vedtak om tenesta.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\) - Lovdata](#)
- [Rundskriv R35-00 til sosialtjenesteloven - Lovdata](#)
- [Veileder til sosialtjenesteloven § 17. Hvordan fatte vedtak på tjenesten opplysning, råd og veiledning? - nav.no](#)

6.2 Kvalifiseringsprogrammet

Personar som fyller vilkåra har rett til eit kvalifiseringsprogram. Kommunen må ha god kunnskap om kvalifiseringsprogrammet, slik at aktuelle deltakarar blir identifiserte og tilbodne program.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\) - Lovdata](#)
- [Rundskriv R35-00 til sosialtjenesteloven - Lovdata](#)

Forventningar

Må: Kommunen skal tilby program til personar som fyller vilkåra.

6.3 Beredskapsplanar for dei sosiale tenestene i Nav

Ansvar for Nav til å yte tenester etter sosialtenestelova gjeld også i ekstraordinære krisesituasjonar.

Nav-kontoret må kunne halde oppe tenester som økonomisk stønad til livsopphald og mellombels butilbod under kriser. Kommunen må ha beredskapsplanar for dei sosiale tenestene i Nav-kontoret, og vere tilstrekkeleg førebudd på uventa hendingar som kan oppstå.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om helsemessig og sosial beredskap \(helseberedskapsloven\) - Lovdata](#)
- [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\) - Lovdata](#)

6.4 Mellombels butilbod

Trygge og gode buforhold er viktig mellom anna for å kjempe mot fattigdom og sikre gode oppvekstsvilkår for barn og unge.

Tenestemottakarar som ikkje har ein stad å sove og opphalde seg det neste døgnet har krav på eit mellombels butilbod. Det er viktig at butilbodet er kvalitetsmessig forsvarleg, ut frå behovet til den enkelte.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om sosiale tjenester \(sosialtjenesteloven\) - Lovdata](#)
- [Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova](#)

Forventningar

Må: Kommunen skal ha ein beredskapsplan for dei sosiale tenestene i Nav-kontoret som er utarbeidde i samsvar med lov om helsemessig og sosial beredskap

Må: Sosialberedskapsplanen skal samordnast med dei andre beredskapsplanane til kommunen.

Forventningar

Må: Kommunen skal finna eit mellombels butilbod for dei som ikkje klarer det sjølv.

Må: Kommunen i Nav skal medverka i det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

6.5 Bistand etter bustadsosiallova

Kommunane har ei plikt til å gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Det er opp til kommunen å bestemme korleis dei vil organisere tenesta, og kven som skal fatte vedtak etter den nye lova. Vi forventar at kommunen har plassert ansvaret for tenesta og at det blir fatta vedtak om bistand til vanskelegstilte.

Lovtekst og signaldokument:

- [Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet \(boligsosialloven\) - Lovdata](#)
- [Prop. 132 L \(2021–2022\) Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet - regjeringen.no](#)

Forventningar

Må: Kommunen må plassere ansvaret for tenesta i kommunen.

Må: Kommunen skal fatte vedtak om bistand etter bustadsosiallova for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Bør: Kommunen bør gjere tenesta kjent på kommunen si eiga nettside.

6.6 Integrering

Det er vedtekne endringar i integreringslova, og fleire av desse tok til å gjelde frå 1. januar 2026. Lovendringane skal mellom anna bidra til meir arbeidsretta innhald og formell opplæring i introduksjonsprogrammet. Vidare er regelverket forenkla, slik at det skal bli lettare for kommunane å følge opp.

Lovtekst og signaldokument:

- [Veileder til integreringsloven | IMDi](#)
- [Maler og informasjonsskriv | IMDi](#)

Forventningar

Bør: Vi oppmodar kommunane til å sette seg godt inn i Integrerings- og mangfaldsdirektoratet si oppsummering av lovendringane og oppdatert rettleiing til integreringslova.

7. Miljø

7.1 Natur

Kommunane har ei nøkkelrolle i å sikre naturmangfald, økologiske funksjonar og ei berekraftig bruk av naturressursar. I 2027 er det forventa at kommunane følger opp nasjonale mål om å stanse naturtap, betre økosystemtilstanden, gjennomfører tiltaksplanar for villrein og medverkar til gjennomføringa av naturavtalen.

Stortinget vedtok i 2025 Naturmeldinga (Meld. St. 35 (2023–2024)), som skal bidra til å stanse naturtap og oppfylle internasjonale forpliktingar. Kapittel 6 inneheld sentrale mål som kommunane må legge til grunn.

Vi forventar at kommunane prioriterer natur høgt i all planlegging og sakshandsaming, og at dei gjennom arealforvaltninga aktivt førebygger tap av biologisk mangfald og øydelegging av leveområde. Avgjerder skal takast på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet. Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald kan være ein fordel.

Dei kommunane som har ansvar for forvaltning av verneområde må følge verneforskrifter og drive skjøtsel og tilsyn.

Kommunar med villrein må styrke villreinområda og gjennomføre tiltak i tråd med regionale og nasjonale planar.

Lovtekst og signaldokument:

- [Naturmangfoldlova §§ 8- 12](#)
- [Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven](#)
- [Vassressurslova § 11](#)
- [Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1](#)
- [Handlingsplan mot skadelige fremmede arter i Vestfold og Telemark \(sept. 2020\)](#)
- [Meld. St. 18 \(2023-2024\) Ein forbetra tilstand for villrein](#)
- [Meld. St. 35 \(2023–2024\) Bærekraftig bruk og bevaring av natur -Norsk handlingsplan for naturmangfold](#)

Forventningar

Må: Kommunane må bruke naturmangfoldlova og sikre at §§ 8–12 blir vurdert og dokumentert i alle saker som rører ved natur.

Må: Kommunane må innhente nødvendig kunnskap og bruke Naturbase, Artskart og lokale data som grunnlag for avgjerder.

Må: Kommunar med ansvar for verneområde må forvalte dei i tråd med verneforskrifta.

Må: Kommunar med villrein må bidra til å styrke villreinområda.

Bør: Kommunane bør utarbeide kommunedelplan for naturmangfald.

Bør: Kommunane bør nedkjempe framande artar og hindre spreiring.

7.2 Forureining

Avløpshandteringa er ein føresetnad for godt miljø, trygg folkehelse og berekraftig samfunnsutvikling. Mangelfull reinsing, gamle leidningsnett og manglande kapasitet gir risiko for forureining av vassførekomstar, inkludert Oslofjorden og kystområda i Vestfold og Telemark. Kommunane har ei sentral rolle både som forureiningsstyresmakt etter forureiningsforskrifta og som eigar av avløpsinfrastruktur.

Regjeringa har prioritert arbeidet med å betre tilstanden i Oslofjorden gjennom Oslofjordplanen, og kommunane si oppfølging av avløpsregelverket er avgjerande for å nå miljømåla.

Kommunane har ansvar for å behandle og følge opp utslepp frå mindre avløpsanlegg for bustader, fritidsbustader og liknande verksemd etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta. Statsforvaltaren forventar at kommunane har aktiv og kunnskapsbasert forvaltning av desse anlegga, med vekt på tilsyn, oppfølging av avvik og fornying der anlegga ikkje tilfredsstiller dagens krav. Kommunane bør bruke tilgjengelege verkemiddel, inkludert pålegg og tvangsmulkt, der det er nødvendig for å redusere forureining.

For kommunale avløpsanlegg under 2 000 pe har kommunen både eigarrolle og forureiningsansvar. Statsforvaltaren forventar at kommunane sikrar at anlegga har tilstrekkeleg reinsing i tråd med krav i forskrifta, og at drifta er robust også ved klimaendringar som meir nedbør og større påkjenningar på leidningsnettet. Driftsovervaking, beredskap og systematisk vedlikehald er sentralt.

For større avløpsanlegg er Statsforvaltaren forureiningsstyresmakt, men kommunen har ei viktig rolle som planstyresmakt, anleggseigar og gjennomfører av tiltak. Statsforvaltaren forventar at kommunane prioriterer nødvendige investeringar for å oppfylle nye og skjerpa krav, og at planlegginga er langsiktig og samordna med arealplanlegging, klima- og miljømål.

Forventningar

Må: Kommunane må sikre at utslepp frå avløp har nødvendig reinsing.

Må: Kommunane må sørge for forsvarleg saksbehandling, vedtak, tilsyn og oppfølging av mindre avløpsanlegg.

Må: Kommunane må sikre at kommunale avløpsanlegg blir drivne og vedlikehaldne i samsvar med gjeldande krav.

Må: Kommunane må følge opp pålegg og vilkår i utsleppsløyve for eigne avløpsanlegg

Bør: Kommunane bør utarbeide og halde oppdaterte hovudplanar for vass- og avløp med langsiktig perspektiv på investeringar, klimatilpassing og miljømål.

Bør: Kommunane bør prioritere fornying av leidningsnett for å redusere lekkasjar, framandvatn og overløp.

Bør: Kommunane bør sjå avløpstiltak i samheng med arbeidet etter vassforskrifta og Oslofjordplanen, og prioritere tiltak med størst miljøeffekt.

Kommunane i nedbørsfelt til Oslofjorden må sjå avløpssektoren i samanheng med måla i Oslofjordplanen og vassforskrifta. Dette inneber mellom anna reduksjon av næringssaltutslepp, betre kontroll med overløp og framandvatn, og tiltak som gir reell miljøeffekt.

Statsforvaltaren forventar at kommunane prioriterer tiltak der avløp er ein dokumentert vesentleg påverknadsfaktor.

Lovtekst og signaldokument:

- [Forureiningslova §§ 7, 11, 16 og 18](#)
- [Forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 14](#)
- [Vassforskrifta](#)
- [Regjeringa sin «Helhetlig tiltaksplan for en ren og rik Oslofjord» \(Oslofjordplanen\)](#)

Nyttig lesing:

- [Miljødirektoratet: Rettleiingar om mindre avløpsanlegg og kommunal avløpsforvaltning](#)

8. Landbruk

Kommunane har ei sentral rolle som lokal landbruksmyndigheit og utviklingsaktør, og arbeidet deira har stor betydning for berekraftig ressursforvaltning, beredskap og verdiskaping.

8.1 Driveplikt

Dyrka jord er ein avgrensa og verdifull ressurs. Etter jordlova § 8 skal alt jordbruksareal drivast. Driveplikta er varig og personleg for eigaren. Kommunen har etter jordlova § 19 plikt til å føre tilsyn med at driveplikta blir overhalden.

Lovtekst og signaldokument:

- [Jordlova](#)
- [Rundskriv M-2/2021 og M-35/95 frå Landbruks- og matdepartementet](#)
- [Rundskriv 2024-35 frå Landbruksdirektoratet: Veileder om oppfølging av brudd på jordlova og konsesjonsloven.](#)

Forventningar

Må: Kommunen må føre aktivt og systematisk tilsyn med driveplikta.

Bør: Kommunen bør nytte verktøyet «Areal som kan vere ute av drift» i den løpande oppfølginga.

8.2 Regionale miljøkrav i jordbruket og gjødselbrukforskrifta

Føremålet med dei regionale miljøkrava er å redusere erosjon og avrenning av jord og næringsstoff frå fulldyrka areal, for å bidra til målet om minst "god" økologisk miljøtilstand i alle vassførekomstar som er påverka av jordbruk. Vi forventar at kommunane informerer og rettleier føretaka om regionale miljøkrav, og gjennomfører risikobasert kontroll.

Forventningar

Må: Kommunen skal gjennomføre kontroll med at miljøkrava og gjødselbrukforskrifta etterlevd.

Forskrifta om gjødselbruk har som føremål å legge til rette for at gjødselvarer kan utnyttast som ein ressurs, samstundes som forureiningsmessige, helsemessige og hygieniske ulemper ved lagring og bruk blir førebygde. Kommunen fører tilsyn og kan fatte nødvendige enkeltvedtak for å oppnå etterleving av føresegner som er gjevne i eller i medhald av gjødselbrukforskrifta. Ved søknader om RMP-tilskot skal avkorting vurderast ved brot på føresegner om krav til gjødslingsplan i gjødselbrukforskrifta.

Lovtekst og signaldokument:

- [Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv - Lovdata](#)
- [Forskrift om regionale miljøkrav i jordbruket, Vestfold og Telemark](#)

8.3 Utvikling av landbruksnæringa



Foto: Birgit Brosø / Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Kommunane har ei sentral rolle i næringsutvikling gjennom lokalkunnskap og forvaltning av tilskotsordningar. Vi forventar at kommunane arbeider aktivt og strategisk med utvikling av landbruksnæringa. Dette inneber å legge til rette for verdiskaping, berekraftig ressursbruk og rekruttering gjennom heilskapleg planlegging, effektiv forvaltning, god rettleiing til næringsutøvarar og samarbeid med resten av verkemiddelapparatet.

Kommunen bør arbeide aktivt med å mobilisere til utvikling og auka verdiskaping i landbruksnæringa. Utviklinga av næringa bør teke omsyn til driftstryggleik og forsyningstryggleik for betre å ta vare på beredskapen på gardsnivå.

Lovtekst og signaldokument:

- [Meld. St 9 \(2024 – 2025\) Totalberedskapsmeldingen](#)
- [Meld. St. 11 \(2023-2024\) Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket.](#)

8.4 Forynging og ungskogpleie

Kommunen har ansvar for å følge opp foryngingsplikta. Dersom forynginga på eit skogareal ikkje er tilfredsstillande, skal kommunen følge opp skogeigar i samsvar med prosess gitt av Landbruksdirektoratet.

Oppfølging med ungskogpleie etter at forynginga er etablert, er det andre, sentrale skogkulturtiltaket for å sikre framtidsskog med høg kvalitet, god vekst og stabile skogbestand, slik at virkesforsyninga og klimabidraget vert sikra.

Lovtekst og signaldokument:

- [Skogbrukslova](#)
- [Forskrift om berekraftig skogbruk](#)
- [Brev frå LMD og KLD november 2025: Oppfølging av skogbrukets foryngelsesplikt](#)

Forventningar

Må: Kommunen skal gjennomføre foryngingskontrollar og følge opp desse heilt til areala er forynga.

Bør: Kommunen bør følge opp fastsette aktivitetsmål for ungskogpleie og stimulere til auka skogkulturaktivitet.

9. Arealforvaltning

Arealplanlegginga i kommunane er sentral i arbeidet med å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling.

Dei to siste åra har det komme fleire nye, sentrale styringsdokument knytte til arealplanlegging. Det blir lagt større vekt på alternativvurderingar, arealeffektive løysingar, styring av utbygging til grå areal og varetaking av natur. Det er særleg viktig at kommunane har fokus på dette ved revisjon av kommuneplanens arealdel, då det er i denne prosessen at moglegheitene for å vurdere ulike utbyggingsalternativ er størst.

Vi ber også kommunane halde fram med arbeidet med "planvask" av tidlegare avsette, urealiserte utbyggingsområde som er i konflikt med nasjonale interesser, til dømes jordvern, naturmangfald, villrein og strandsone.

9.1 Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Retningslinjene legg opp til ei differensiert arealforvaltning mellom regionar med større byar og regionar med mindre tettstader og griskrendte strøk. Vi understrekar samtidig at kapittel 1-3 og 6-8 gjeld alle kommunar.

Retningslinjene legg stor vekt på at kommunane skal kartlegge og utnytte fortettings- og transformasjonspotensialet i eksisterande utbyggingsområde før nye naturområde blir tekne i bruk til utbyggingsformål. Vi forventar at kommunane følger opp dette og dei andre punkta i retningslinjene i planlegginga si.

Forventningar

Må: Kommunen må legge dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet til grunn for sin planlegging og enkeltvedtak etter plan- og bygningslova.

Lovtekst eller signaldokument:

- [Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet - Lovdata](#)

9.2 Statlege planretningslinjer for klima og energi

Retningslinjene inneheld ei rekke krav til kommunane knytt til klima og energi, inkludert kunnskapskrav og krav til den overordna klima- og energiplanlegginga til kommunen.

Omdisponering av karbonrike areal kan gi grunnlag for motsegn. I tillegg til myr og våtmark vil vi særleg ha merksemd på blant anna skog av høg og svært høg bonitet. Vi vil legge vekt på at kommunane gjer reelle vurderingar av alternative areal.

Vi minner om at ein eigen rettleier til dei statlege planretningslinjene for klima og energi blei publisert i mars 2026.

Lovtekst eller signaldokument:

- [Statlige planretningslinjer for klima og energi - Lovdata](#)
- [Veileder: Statlige planretningslinjer \(SPR\) for klima og energi - miljodirektoratet.no](#)

Forventningar

Må: Kommunen må legge dei statlege planretningslinjene for klima og energi til grunn for sin planlegging og enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, og for kommunal verksemd.

9.3 Aktuelle rundskriv

Rundskriv M-1/2025 om nasjonale jordverninteresser og motsegnpraksis, viser til at vern av både dyrka og dyrkbar jord er ei nasjonal interesse, og at dyrka og dyrkbar jord ikkje bør leggst ut til andre formål. Mattryggleik, sjølvforsyning og beredskap blir trekt fram som overordna mål. Kommunane må legge dette til grunn i arealforvaltninga si og vareta nasjonale jordverninteresser. Jf. punkt c i rundskrivet kan landbruksdirektøren komme til å vurdere motsegn også til omdisponering av dyrka/dyrkbar jord som er avsett i overordna planar, dersom det har komme nye relevante styringsdokument etter at desse planane blei vedtekne.

Ein revidert versjon av rundskriv T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis klargjer kva som er spørsmål av nasjonal eller vesentleg regional betydning eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning på klima- og miljøområdet. Vi gjer særleg merksame på nye punkt knytt til klima, overvatn, massehandtering, kantvegetasjon og bygging over tregrensa.

Forventningar

Må: Kommunen må ha kjennskap til rundskriv M-1/2025 om nasjonale jordverninteresser, og nasjonale interesser på miljøområdet, og vareta slike interesser i arealplanlegginga si.

Må: Kommunen må ha kjennskap til rundskriv T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis og kva som er nasjonale interesser på miljøområdet, og vareta slike interesser i arealplanlegginga si.

Vi viser også til vårt brev til kommunane av 12. mai 2025 om forventningane våre til kunnskapsgrunnlag om naturmangfald i arealplanlegginga, medrekna kartlegging av naturtypar og artar. Vi minner her om dei nye kartleggingsinstruksane for marine og limniske naturtypar etter NiN-metoden frå Miljødirektoratet av 2. mars 2026:

- Marine naturtyper: Instruks for kartlegging og kvalitetsvurdering basert på Natur i Norge
- Kartlegging i ferskvann: Instruks for kartlegging og kvalitetsvurdering basert på Natur i Norge

Lovtekst eller signaldokument:

- [Rundskriv M-1/2025, Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern](#)
- [Rundskriv T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis](#)
- [Kunnskapsgrunnlag om naturmangfold i arealplanleggingen - veiledning til kommunene og orientering om endring av innsigelsespraksis](#)

9.4 Gravplass

Dersom det er aktuelt å sette av nytt areal til gravplass, må arealet tilfredsstille krava i gravplassloven og gravplassforskrifta. Arealet skal mellom anna ikkje vere utsett for flaum- eller skredfare og det er konkrete krav til grunnvasstand og jordbotn.

Gravplassen har ein spesiell funksjon i samfunnet og er sårbar for endringar i omgjevnadene. Der ein planlegg utbygging eller fortetting nær gravplass, må konsekvensane for gravplassen vurderast. Støy, byggehøgder og innsyn, og moglege avbøtande tiltak som buffersoner og byggegrenser, er tema som må bli vurdert tidleg i planlegginga.

I arbeidet med beredskapsplanar bør kommunen vurdere tilhøve knytt til handtering, transport, oppbevaring, kremering og gravlegging av eit større tal avdøde. Arealet som inngår i gravreserven, må vere opparbeidd og klart til å bli tatt i bruk. Ved krig, pandemi eller tilsvarende, kan behovet for graver vere større.

Forventningar

Må: I alle kommunar skal det vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ein kvar tid er ledige graver for minst tre prosent av befolkninga i kommunen.

Lovtekst og signaldokument:

- [Rundskriv Q-05/2025](#)

10. Dialog og samarbeid

Kommunedialogen er heilt sentral i virket til Statsforvaltaren. Møta mellom Statsforvaltaren og kommunane er viktige for å fremme statlege signal, men like mykje for å få kommunane sine tilbakemeldingar, som vi så kan ta vidare til departement og direktorat.

Kommunedialogen i 2027 vil som tidlegare skje på både digitale og fysiske arenaer.

Vi vil framleis invitere til kommunesamtalar med leiinga i den enkelte kommunen ein gong kvar valperiode, og elles ved behov. Vi vil og følge opp regionråda i Telemark, både som politiske organ og som tenestefellesskap. I tillegg kjem utstrekt kontakt og dialog på fagnivået.

Hausten 2027 er det kommunestyre- og fylkestingsval. Vi vil tilby opplæring av folkevalde i etterkant av valet, med utgangspunkt i sentrale tema der Statsforvaltaren har ei rolle.

Vi vil gi kommunane tilbod om opplæring om andre emne. Det gjeld både for dei folkevalde og for administrasjonen.

Statsforvaltaren er gitt myndigheit til å samordne det statlege tilsynet med kommunane. Dette inneberer både samordning av tilsynsverksemda til Statsforvaltaren og andre statlege tilsynsmyndigheitar, samt samordning mot kontrollverksemda som kommunane sjølv driv. Hensikten med samordninga er at tilsynsverksemda skal være mest mogleg rasjonell, effektiv og fremme læring hos kommunane. Sjå meir utfyllande informasjon om dette på statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark. Her kan du også finne anna nyttig lesing.

Kontaktinformasjon

Besøksadresse Skien
Gjerpensgate 10, 3716 Skien
I Skien har vi ikkje bemanna ekspedisjon.

Besøksadresse Tønsberg
Grev Wedels gate 1, 3111 Tønsberg
Åpningstider: Mandag - fredag kl. 09:00 – 15:00

Postadresse
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Postboks 2076, 3103 Tønsberg

Telefon: 33 37 10 00

E-post: sfvtpost@statsforvalteren.no

Nettsted: statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/